

## **Referat frå rådsmøte 23. mai 2017.**

Tilstades: Regionordførar Erik Skjervagen, Jon Rikard Kleven, Tarjei Gjelstad, Jarand Felland, Halvor Homme, Jon Svartdal, Ketil Kiland, Jan Myrekrok, Øystein Tveit, John Kleiv, Sverre Sæter og Kari Gro Espeland.

Frå administrasjonen møtte Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Møteinnkallinga vart samrøystes godkjent.

Saklista var samrøystes godkjent med ein tilleggs sak gjeldande innspel til kollektivtilbodet i Telemark frå 2018.

### **Sak 16/2017. Referat frå rådsmøte 14. mars 2017.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 14. mars 2017 vart samrøystes godkjent.*

### **Sak 17/2017. Vest-Telemarkrådet - medlemskap i Fjellnettverket.**

Fjellregionsamarbeidet er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg. Nettverket skal vera pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gjev grunnlag for utvikling i regionane.

Regionar som t.d. Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen er med i nettverket frå tidlegare. Nyleg er også Setesdal Regionråd innmeldt. Frå Telemark er fylkeskommunen og Vinje kommune medlemmer.

Sekretær for fjellnettverket, Monica Eriksson var tilstades i rådsmøtet og orienterte nærare om samarbeidet. Årsavgift for medlemskapet er 3,- kr per innbyggjar, og ved eit eventuelt medlemskap vil Vest-Telemarkrådet finansiere kostnaden gjennom sine budsjett.

Etter orienteringa vart det gjort slikt vedtak:

*Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og vedtek å søke medlemskap i Fjellnettverket.*

*Som representantar til Rådet i Fjellnettverket veljast: Regionordførar og regionvaraordførar.*

*Val av vararepresentantar vert utsett til neste rådsmøte med tanke på å sjå dette i samanheng med det komande valet av regionordførar og regionvaraordførar.*

*Regionrådsleiar skal fungere som administrativ kontaktperson mellom Rådet og Fjellnettverket.*

### **Sak 18/2017. Skattekontor ID/banktenester.**

Saken kom opp på bakgrunn av ein førspurnad frå direktør Malin Jernberg ved Dalen Hotell.

Hotellet nyttar i stor grad sesongarbeidarar som arbeidskraft og opplever mangel på lokale tenester innafor både bank og ID, noko som til dømes gjer at sesongarbeidarar må reise til Skien for å få såkalla D-nummer.

I møtet vart det uttrykt misnøye med at viktige tenester som til dømes skattekontor og ID-tenester vert sentralisert og gjort mindre tilgjengelege for distrikta. Dette er også situasjonen innafor ei rekkje andre samfunnsområde.

Vest-Telemarkrådet sende såleis brev til Skattedirektoratet for eit år sidan med ynskje om få etablert eit spesialisert skattekontor i øvre Telemark.

Til dagens rådsmøte låg det føre utkast til uttale i saken, og etter nærare drøfting vart det gjort slikt vedtak:

*Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale. Uttala rettast til Finanskomiteen, Finansdepartementet, og moglege andre departement.*

*Kopi av brevet sendast Telemarksbenken, Fylkesmannen, fylkeskommunen og Skatt Sør.*

### **Sak 19/2017. Møte med Telemarksbenken, drøftingssak.**

Med utgangspunkt i tidlegare sak, drøfta Rådet moglegheitene for å få til eit fastare møteopplegg mellom Telemarksbenken og Vest-Telemarkrådet. Det er også spela inn forslag om digitale møte. Vidare går det føre seg ein dialog om møteopplegg mellom stortingsrepresentantane og Telemark fylkeskommune utan at det er avklart så langt.

Etter nærare drøfting vart det gjort slikt vedtak:

*Vest-Telemarkrådet ynskjer å få til 2 videomøte kvart halvår mellom Telemarksbenken og Rådet. I tillegg ynskjer Rådet å delta i eit årleg "stormøte" i regi av fylkeskommunen.*

### **Sak 20/2017 Orienteringssaker.**

#### Ekstra sak: Innspel til kollektivtilbodet i 2018.

Det låg føre invitasjon frå Telemark fylkeskommune til å koma med innspel til kollektivtilbodet i Telemark frå januar 2018. Hovudutval for Samferdsel har teke initiativ til at kommunane kan kome med direkte innspel til rutetilbodet. I økonomiplanen for 2017 – 2020 har fylkeskommunen sett av 10 millionar kroner mindre i 2018 enn i 2017. Innsparingane er planlagt tekne på buss- og ferjeruter med få reisande.

*Vedtak: Fleire av kommunane ynskjer å kome med direkte innspel, og det er derfor ikkje aktuelt å kome med felles uttale frå Rådet i denne saken.*

#### Hytterrenovasjon, orientering v/Renovest.

Driftsleiar Evy Ann Hauglid frå Renovest var tilstades og orienterte nærare om saken.

Selskapet vurderer for tida alternative løysingar i høve til hytterrenovasjonen i regionen. Ein må gjenvinne meir av avfallet, og auka kjeldesortering synest vera løysinga på dette.

Renovest vurderer dagens situasjon slik:

- Dårleg tilbod om kjeldesortering for hytteabonntane
- Store utfordringar når det gjeld avfall som blir satt på utsida av containerane
- Stort ressursbruk for å halde returpunkta frie for avfall
- Store utfordringar når det gjeld tøming av containerane vinterstid
- Store brøyte- og leigutgifter
- Kan ressursane brukast på ein betre måte ?

Renovest vil sette ned ei arbeidsgruppe, der kvar kommune er representert. Grappa skal sjå på strategisk plassering av returpunkta i høve til ferdselen til hytteabonntane. Returpunkta skal innarbeidast i kommunedelplanar eller arealdelen av kommuneplanen. Grappa skal sjå på utforming av returpunkta

*Vedtak : Orienteringa takast til vitande.*

#### Invitasjon til Pilegrimsmarsj, mogleg deltaking VTR 22. august ?

Det låg føre invitasjon frå prostidiakon Eilev Erikstein om deltaking i pilegrimsvandringa over Haukeli til Røldal komande haust. Etter drøfting vart det gjort slikt vedtak:

*Vest-Telemarkrådet finn å måtte takke nei til invitasjonen då dette er ein svært travel periode med mange møte.*

Digitaliseringskonferanse/seminar:

*AU tilrår at ein gjennomfører heildagskonferanse der formannskapa og administrativ leiing deltar. Ole Dalen orienterte nærare om digitaliseringskonferanse i Vest-Telemark 19. september i år.*

*Bakgrunn:*

*Det er mykje fokus på digitalisering i dei fleste sektorar, og det er høg fart på den teknologiske utviklinga på området. Det er eit leiaransvar å syte for at kommunane klarer å gjennomføre tilpassingar innanfor digitalisering, og ein ser trongen for å ha høg kompetanse på dette både administrativt og politisk.*

*IKT-prosjektet for interkommunalt samarbeid peiker på manglande samanheng i dagens struktur, og ein må skilje på teknologi og digitalisering.*

*Det er også mange rundt oss som arbeider med samme tema, og målet med ei samling om temaet er å få eit heilskapleg blick på temaet. Ein vil invitere Kongsbergregionen sitt IKT-samarbeid, representantar frå KS og leverandørar som har høg kompetanse på digitalisering til samlinga.*

*Vi har knytt til oss Torbjørn Dybdahl til å jobbe fram programmet.*

Evt orientering frå TFK.

Orienteringa måtte gå ut sidan representantane var opptekne i ekstraordinært fylkesting.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes